

# H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

## STYREMØTE

---

Møtedato: 25. juni 2020

Tidspunkt: kl. 0800 – 1200

Som medlemmer møtte: George Fulford, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Anne Holstad (sakene S32/20 – S34/20), Arnljot Muren, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr S32/20 – S38/20

---

### Vedtaksaker:

---

#### **SAK NR S32/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

##### **Tilråding til vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjend.

##### **Styrehandsaming:**

##### **Vedtak, samr.:**

Innkalling og sakliste vart godkjend.

---

#### **SAK NR S33/20 GRUNNOPPLÆRING / KONSTITUERING**

##### **Tilråding til vedtak:**

Det blir ein kort presentasjon / gjennomgang av diverse dokument, m.a.: Selskapsavtale, strategisk plan, etiske retningslinjer og taushetsplikt. Det er naturleg nok ikkje lagt opp til vedtak i denne saka. På slutten av møtet er det også tenkt ei omvising på anlegget i Saunesmarka.

##### **Vedtak, samr.:**

Styret tar gjennomgangen til vitande. Det vart gjennomført ei omvising på anlegget saman med nye styremedlemmer.

---

**SAK NR S34/20**  
**GODKJENNING AV REKNESKAPET PR. 30. APRIL 2020**

Rekneskapet pr. 30. april 2020 ser ganske bra ut i forhold til budsjettet. Korte kommentarer til rekneskapet ligg i vedlegget / blir lagt fram på møtet.

Rekneskapet pr. 30. april 2020 er vedlagt – og unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

**Tilråding til vedtak:**

Styret godkjenner rekneskapet pr. 30. april 2020.

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret godkjenner rekneskapet pr. 30. april 2020.

---

**SAK NR S35/20**  
**SAMARBEID MED ANDRE SELSKAP I REGIONEN**

Saka gjeld samarbeid med andre renovasjonsselskap i regionen og grada av påkopling frå SSR si side. Utgreiingsarbeidet vil difor handle om utvikling av strategisk samarbeid framover. Sjå vedlegget!

SSR har alltid vore positive til å samarbeide med andre selskap i bransjen for å kunne få til gode løysingar og er det også denne gangen. Styreleiar og dagleg leiar vil delta på relevante møter.

Dokumentet / vedlegget, som var utsendt i forkant av møtet, er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

**Tilråding til vedtak:**

Styret tar gjennomgangen til vitande og ber om å bli halde løpande orientert i saka.

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret tar gjennomgangen til vitande og ber om å bli halde løpande orientert i saka. Styret stiller seg positive til utvida samarbeid med andre selskap i regionen.

---

**SAK NR S36/20**  
**VAR-PROSJEKTET**

Det vart orientert om VAR-prosjektet i representantskapsmøtet 14. mai d.å. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom SSR (som leiar prosjektet), ÅRIM og Vanylven kommune. VØR vil truleg kople seg på prosjektet i haust. Prosjektet vart etablert etter ein relativt vellukka VAR-konferanse i januar 2020.

Vedlagde dokument er dei same som vart sende ut til representantskapet i forkant av det nemnde møtet 14. mai d.å. Dokumenta er mandat og status. Dei valgte også to representantar (m/vara) til referansegruppa (som er det politiske nivået i prosjektet).

Styret må peike ut ein representant til styringsgruppa i prosjektet.

**Tilråding til vedtak:**

Styret tar statusrapporten til vitande.

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret tar statusrapporten til vitande og vil arbeide vidare med å finne ein representant til styringsgruppa i prosjektet.

---

**SAK NR S37/20**  
**MØTEPLAN FOR STYRET 2. HALVÅR 2020**

I tilrådinga ligg tidlegare forslag til styremøter andre halvår 2020. Det som er litt usikkert (i forhold til planen) er større samarbeidsmøter med dei andre renovasjonsselskapa (jfr. sak S35/20).

**Tilråding til vedtak:**

Styret vedtar følgande datoar for styremøter 2. halvår 2020:

- Torsdag 10. september 2020 (Rekneskap 30/6-20, prognose, budsj./øk.plan).
- Torsdag 8. oktober 2020 (Rekneskap 31/8-20, prognose 2020, budsj./øk.plan).
- Torsdag 5. november 2020 (Repr.skapsmøte m/etterfølgande styremøte).
- Torsdag 10. desember 2020 (Rekneskap 31/10-20, prognose 2020).

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret vedtar følgande datoar for styremøter 2. halvår 2020 – møtestart kl. 10.00:

- Torsdag 10. september 2020 (Rekneskap 30/6-20, prognose 2020, budsj./øk.plan).
- Tirsdag 6. oktober 2020 (Rekneskap 31/8-20, prognose 2020, budsj./øk.plan).
- Torsdag 5. november 2020 (Repr.skapsmøte m/etterfølgande styremøte).
- Onsdag 9. desember 2020 kl. 15.00 – tif.møte (Rekneskap 31/10-20, prognose 2020).

---

**Orienterings-/drøftings-/vedtaksaker:**

---

**SAK NR S38/20**  
**DAGLEG LEIAR ORIENTERER**

Dagleg leiar orienterte om følgende:

- Deponiet i Fløstranda.
- Status for SSR og koronapandemien.
- Prosjektstatus og lønnsstatistikk pr. juni 2020.
- Status næring.
- Eventuelt.

**Tilråding til vedtak:**

Styret tar orienteringa til vitande.

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret tar orienteringa til vitande. På neste møte vil styret sjå nærare på prosjektstatus – inkl. ressursbruk og tidfristar.

---

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, 25. juni 2020

  
George Fulford  
styreleiar

  
Camilla Storøy  
nestleiar

  
Margareth Leinebø

  
Anne Holstad

  
Arnljot Muren

  
Kjartan Grimstad

  
Bjarte Uglum

  
Einar Heimdal  
dagleg leiar